



Vår dato:

20.10.2022

Vår ref:

2022/7170

Dykkar dato:

24.06.2022

Dykkar ref:

21/246-102

Suldal kommune
Eidsvegen 7
4230 Sand

Kontakt saksbehandlar
Ida Eline Skålnes, 51568807

Samla statleg uttale med motsegn til kommuneplan for Suldal kommune 2022-2034

Frå 2018 har regjeringa innført som fast ordning at Statsforvaltaren skal samordne statlege motsegner til kommunale planar etter plan- og bygningslova (tbl.). Denne samordna fråsegna er frå Direktoratet for Mineralforvaltning, Kystverket og Statsforvaltaren i Rogaland.

Det er fremma følgjande motsegn til arealdelen til kommuneplanen for Suldal kommune (2022-2034):

Direktoratet for Mineralforvaltning:

- Direktoratet for Mineralforvaltning (DMF) fremmar med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 **motsegn** til kommuneplanens arealdel i Suldal kommune, på grunnlag av at den føreslegne arealbruken for Windworks Jelsa (forslag 8, KBA1) vil vere til hinder for vidare utnytting av mineralske ressursar frå ein mineralførekomst med internasjonal betydning og kome i konflikt med etablert masseuttak kor det er gitt driftskonsesjon, jf. minerallova § 43. DMF fremmar og **motsegn** på grunnlag av vurderinga av tiltakets påverknad på mineralressursar i konsekvensutgreiinga for etablering av kaianlegg i arealføreslag 16 (NÆ1). Det er DMF sin vurdering at planen er i strid med nasjonale mål og forventingar om forvalting av mineralske ressursar, og at planforslaget direkte påverkar spørsmål om mineralførekomstar av internasjonal betydning, og gjennom å påverke gitt driftskonsesjon vesentleg påverkar DMF sitt saksområde massetak.
- DMF fremmar **motsegn** med bakgrunn i konsekvensutgreiingas vurdering av tiltakets (NÆ1) påverknad på mineralførekomsten. Deler av tiltaket for nytt kaianlegg (16-2, kaiområde NÆ1) ligg innanfor førekomstområdet Norsk Stein som har internasjonal betydning som byggeråstoff. I konsekvensutgreiinga har kommunen vurdert tiltakets påverknad på mineralressursar til «ingen konflikt», grunngjeve ved at område ligg delvis innanfor ressursområde kartlagt av NGU. Vurderinga er etter DMF si vurdering



feil, og meiner at kaiområde 16-2 (NÆ1) må vurderast på nytt, sidan ressursar av internasjonal verdi ikkje vil bli utnytta innanfor området, men bli gjort utilgjengeleg av tiltak som følgje av ny arealbruk. Tiltakets påverknad på ressursen skal vurderast og beskrivast i plandokumenta. Det bør også vurderst korleis ressursane kan utnyttast før området nyttast som kai.

Kystverket:

- I følge plan- og bygningsloven § 3-2, 3. ledd har Kystverket som statlig fagmyndighet rett og plikt til å medvirke i planlegging når den berører Kystverkets saksfelt. Det framgår av formålet med havne- og farvannsloven at sikkerhet og fremkommelighet på sjøen, og effektiv havnevirksomhet og effektiv sjøtransport er viktige hensyn som Kystverket skal ivareta. Det følger videre av departementets tildelingsbrev at Kystverket skal sikre havneog sjøtransportinteressene i offentlige planprosesser. Kystsverket fremmar **motsegn** til foreslått hamneområde HOS2. Dette på bakgrunn av manglande ivaretaking av skipstrafikken i hovudfarleien. Alternativ farlei i Midstundet er ikkje nok klarlagt til å endre arealføremålet i Straumbergsundet til hamneområde.

Statsforvaltaren i Rogaland:

Arealinnspeil:

- RU1 og ST1:** Kunnskapsgrunnlaget står etter vår vurdering ikkje i forhold til saka. Jamfør plan- og bygningslova § 5-4 fremmer Statsforvaltaren derfor **motsegn** til RU1 og ST1. Statsforvaltaren fremmer også motsegn til mangelfull utgreiing av støy til same areainnspel.
- VK13 og HOS1.** På bakgrunn av konflikt med tareskog fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til VK13 og HOS1, jf. plan- og bygningslova § 5-4
- KBA1 og HOS2:** På bakgrunn av konflikt med naturmangfold, folkehelse og manglande kartleggingar fremmer Statsforvaltaren motsegn til KBA1 og HOS2, jf. plan- og bygningslova § 5-4.
- RU3, NÆ4 og HOS4:** På bakgrunn av konflikt med kjente og sannsynlege verdiar for naturmangfold på land og i sjø, negativ konsekvens for ein svært smal og karakteristisk del av fjordlandskapet og på grunn av mangelfulle støyvurderingar fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til innspelet RU3, NÆ4 og HOS4.
- Alternativ farled:** Statsforvaltaren fremmer motsegn til manglande utgreiing av behov for fysiske tiltak i samband med mogleg omlegging av farled, jf. plan- og bygningslova § 5-4. Tiltaket kan få konsekvensar for Kjølvikskorpa naturreservat og korallrevet i Midstundet.
- NÆ3 og ABA1:** Området ligg innanfor aktsemråde for snøskred, steinsprang og stormflo. Dette er ikkje nemnd i ROS-analyse. Det må gjerast ei vurdering av om arealet er eigna for utbygging. Statsforvaltaren fremmer derfor **motsegn** til manglande vurderingar av kjente risikofaktorar, jf. plan- og bygningslova § 4-3.
- B1:** På bakgrunn av konflikt med jordvern fremmer Statsforvaltaren motsegn til bustadområde B1 (innspeil 6), Fisketjørn, jamfør plan- og bygningslova § 5-4.



- **FB1:** Statsforvaltaren fremmer på grunnlag av omsynet til samfunnstryggleik motsegn til mangelfulle vurderingar av kjente risikofaktorar, jf. plan- og bygningslova § 4-3
- **FB2:** Innspelet omfattar område med fare for steinsprang, marin grense, aktsområde snøras og høg radon. Statsforvaltaren fremmer **motsegn** til dette området som er lagt inn i kommuneplanen på tross av identifisert risiko, men utan vidare analyse og eventuelle tiltak, jf. plan- og bygningslova § 4-3

Føresegner:

- **2.4.1 bokstav f) og g):** Statsforvaltaren fremmer motsegn til føresegna på bakgrunn av motstrid med rettleiar for planlegging av spreidd bustad-, fritids- og næringsbusetnad i LNF-områda
- **2.4.1 bokstav h):** Statsforvaltaren fremmer motsegn til auka storleik på fritidsbustader i LNF-områda, jf. plan- og bygningslova § 5-4.
- **1.12.1.** Statsforvaltaren fremmer motsegn til at føresegna avgrenser kravet i plan- og bygningslova §4-3. «Analysen skal vise alle risiko- og sårbarhetsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsformål, og eventuelle endringer i slike forhold som følge av planlagt utbygging»
- **1.12.3. bokstav d):** Føresegna strider mot TEK17. Det skal lagast eit faresonekart og bygg skal leggast utanfor sona som ein hovudregel. Ein kan ikkje tillate bygging på eigars risiko. Me har difor **motsegn** mot denne føresegna, jf. plan- og bygningslova § 4-3.

Med helsing

Bent Høie (e.f.)
statsforvalter

Cathrine Stabel Eltervåg
ass. fylkesmiljøvernsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

- 1 Fråsegn med motsegn til høyring av kommuneplanens arealDEL for Suldal kommune.PDF
- 2 Innsigelse forslag kommuneplanens arealDEL 2022-2034

Kopi til:

KYSTVERKET	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren	Postboks 3021	7441	TRONDHEIM
for Svalbard	Lade		
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger